

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 13.06.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 12.06.07**

Styresak 058/07 O

Styremøte 27.06. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

Dato for brev	Saka gjeld	Status
06.02.07	Høyring. Implementering av EU-direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for helsepersonell i norsk rett.	Høyringsfrist 09.05.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 19.03.07. Uttale sendt 07.05.07. Verken Helse Vest eller helseføretaka har merknader.
14.02.07	Forslag om kvalifiseringsprogram med tilhøyrande stønad i nytt kapittel 5A i sosialtenestelova.	Høyringsfrist 30.03.07. Uttale ikkje gitt.
21.02.07	Fyrverkerirapport 2006 – korleis hindre skader på helse og materielle verdiar som følgje av uvettig bruk av fyrverkeri.	Høyringsfrist 20.04.07. Uttale ikkje gitt.
21.02.07	Tiltak mot spreiding av legionella – lov og forskriftsendringar.	Høyringsfrist 11.05.07. Helse Stavanger har sendt sin høyringsuttale til Helse Vest. Denne er sendt vidare til departementet 15.05.07. I uttalen sluttar ein seg i hovudsak til dei forslag som kjem fram.
22.02.07	Forslag til endring i helsepersonellova – endring av åttvaringsføresegna og ny føresegn om rett til avgrensa tilbakekall av autorisasjon.	Høyringsfrist 25.05.07. Helse Stavanger har sendt sin høyringsuttale til Helse Vest. Denne er sendt vidare til departementet 23.05.07. I uttalen støttar ein i hovudsak departementet sitt forslag om ny føresegn i helsepersonellova. Det er peika på at forslaget i nokre høve vil føre til auka kostnader ved at ein i aktuelle tilfelle må dublere personell for å ta vare på dei oppgåvene som helsepersonell utan full autorisasjon, ikkje kan utføre.
27.02.07	Forslag til revisjon av rammeplan for sjukepleiarutdanninga.	Høyringsfrist 01.06.07. Saka sendt helseføretaka for innspel 02.03.07. Uttale ikkje gitt.
28.02.07	Nytt helsekort for gravide.	Høyringsfrist 13.04.07. Saka sendt helseføretaka for innspel 30.03.07. Uttale sendt 31.05.07. I uttalen er Helse Vest positive til at helsekortet for gravide blir

		revidert, og det er peikt på at det er eit sterkt behov for å få helsekortet inn i ei elektronisk utgåve som er felles for sjukehus og primærhelsetenesta. Det er vidare peikt på einskilde forbetringspunkt i det utkatet som ligg føre.
02.03.07	Høyring på rapport om hendingsbasert informasjon til fylkesmennene.	Høyringsfrist 15.05.07. Uttale ikkje gitt.
02.03.07	Innføring av nasjonalt ID-kort.	Høyringsfrist 04.06.07. Uttale ikkje gitt.
14.03.07	Forslag til miljøkrav for svanemerking av medisinsk eingongsutstyr til peritoneal dialyse og intravenøs behandling.	Høyringsfrist 16.05.07. Uttale ikkje gitt.
16.03.07	Forslag til ny organisasjonsmodell for helserefusjonsområdet.	Høyringsfrist 01.05.07. Uttale ikkje gitt.
26.03.07	Endring i lov om offentlege innkjøp – krav til gjengs lønns- og arbeidsvilkår i tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar der det offentlege er oppdragsgjevar.	Høyringsfrist 21.05.07. Uttale ikkje gitt.
29.03.07	Eit heilskapleg tilbod til menneske med epilepsi. Høyring på rapport frå Sosial- og helsedirektoratet.	Høyringsfrist 10.05.07. Saka sendt helseføretaka for innspel 10.04.07. Uttale ikkje gitt.
10.04.07	Forslag til endring i legemiddelforskrifta kap 14. I forslaget blir det opna for at søknad om førehandsgodkjent refusjon skal kunne sendast Statens legemiddelverk før eit legemiddel har fått marknadsføringsløyve.	Høyringsfrist 10.07.07. Saka sendt Apoteka Vest HF for innspel og merknader.
23.04.07	Forslag til utviding av pasientombudsordninga.	Høyringsfrist 23.07.07. Saka sendt helseføretaka og regionalt brukarutval for innspel og merknader.
24.04.07	Utkast til ny forskrift om legemiddelhandtering i verksemder som yter helsehjelp.	Høyringsfrist 04.06.07. Helse Vest har v/Apoteka Vest HF gitt ei omfattande høyringsuttale der det er gitt generelle kommentarar, kommentarar til kvar einskild paragraf, til utkast til rettleiar og til endringsforslag til rekvireringsforskrifta. I tillegg har Helse Vest vidaresendt ei uttale frå Helse Stavanger.
11.05.07	Høyring til referanse katalog over anbefalte og obligatoriske IKT-standardar for offentlege verksemder.	Høyringsfrist 20.08.07.
16.05.07	Forslag om endringar i ekteskapslova mv – felles ekteskapslov for likekjønnede og ulikekjønnede par	Høyringsfrist 01.09.07.
30.05.07	Strategiplan for arbeid og psykisk helse.	Høyringsfrist 22.06.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
31.05.07	Behov for ein vidareutdanning for ambulansepersonell innan område akuttmedisin/prehospitalt arbeid.	Høyringsfrist 26.06.07. Uttale sendt 11.06.07.

